

FUSA KYRKJEBLAD

Nr. 1

Januar 2020

Årgang 86 år




— GUD HAN GAV OG LEVANDENHETN.

BLI MED PÅ SKATTEJAKT!

Altartavla i Fusa kyrkje er eit freskomaleri med motivet «Kvinnen ved brønnen». Har du sett altartavle eller eit bilete i andre kyrkjer med same motiv? Kor i Noreg – eller kor i verda finn vi det? Les meir på side 3 - og vi oppmodar lesarane om å bli med på skattejakta.



Takk
til mange
S. 4



Den årlege
kyrkjedugnaden
S. 5



Framtids-
håp!
S. 6-7



Godheitsfestival
i Fusa
S. 8



Viktig info til folket
i Fusa sokn
S. 12

FUSA sokn Fusa kyrkjekontor

FJORD'N SENTER 2. HØGDA
Postboks 73, 5649 Eikelandsosen
Tlf. 56 58 01 81
E-post: post.fusa@kyrkja.no

Kontortid

Mandag - fredag kl.09.00-14.00
Prest og organist har fridag måndag.

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Fung. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

PRIVATE TELEFONAR

Sokneprest

Einar Ekerhovd 91 38 29 64

Fung. kyrkjevevje

Harald Geir Sæther 41 66 20 90

Trusoppplæring

Stefan Andre H. Svendsen 98 42 11 17

Petra Dahlström 95 52 96 30

Norunn Rød Markhus Permisjon

Konsulent

Endre Tveit 90 24 41 52

Hans Einar Markhus Permisjon

Medarbeidarkoordinator

Hartvig Haugen 56 58 31 96

Kantor

Iman de Zwart 95 03 93 33

Soknerådsleiar

Roald Samnøy 41 33 36 25

Kyrkjetenarar

FUSA KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

STRANDVIK KYRKJE

Rianne de Zwart 46 68 03 96

HÅLANDSDAL KYRKJE

Terje Rød 48 25 56 46

SUNDEVOR KYRKJE

Øyvind Nordbø 48 30 52 59

SÆVAREID KAPELL

Terje Rød 48 25 56 46

Gåver til kyrkjelydsarbeidet
kan sendast Fusa sokneråd,
bankgiro: 3530 25 86215
eller VIPPS #90436

FUSA KYRKJEBLAD

Postboks 73, 5649 Eikelandsosen

Ansvarleg redaktør:

Leiar i Fusa sokneråd Roald Samnøy.

Konto for kyrkjebladet:

3530 25 86215

Bladpengar er kr. 250,- pr. år

Utanbygds kr. 350,- pr. år

REDAKSJONSNEMND:

Harald Geir Sæther

Ole Bjørn Eikeland

Guds frelseplan

Det er mange ting i livet som er viktig, og det er mange ting som ikkje er viktig. Det er enkelte ting eg berre må ha, og det er mange ting eg kan klare meg foruten. Kva dette er kan variere frå person til person. Vi har ulike smaker, interesser og syn på livet. Ingen menneske sine liv er like, men samtidig finst det noko felles for alle oss som er her. Vi blir født, vi lever og vi dør. Slik er det. Men det var ikkje slik det var meint. Døden var ikkje ein del av livet.

Som prest har eg hatt ca 1000 begravelser. Det er mykje levd liv som er avslutta. «Staden han stod på veit ikkje meir av han» les vi av og til i gravferder. «Alt har si tid» les vi også. Livet byr på både sorg og glede, latter og gråt, vekst og forfall, opp og nedture.

Adam Oehlenschläger, dansk poet på 1800-tallet, skreiv det kjente sitat «Livet er»: «Hva er vel livet, et pust i sivet, som synker ned. Et spill av krefter, som higer efter en evighet.»

«Alt skapte han fagert i si tid. Jamvel æva har han lagt i hjarta deira» les vi i «Alt har si tid»-sitatet i Forkynneren. Vidare står det: «Eg skjønna at alt det Gud gjer, varer til evig tid» Det finst altså noko som går ut over tida, inn i æva. Det som Gud gjer. Frelse bruker vi å kalla det.

Døden er ikkje slutten for oss menneske. Det er slutten på begynnelsen, Alt har si tid, men det Gud gjer varer evig.

Når synda, og med den døden, kom inn i verda, hadde Gud ein plan for å frelse oss menneske. For vi må bli frelst. Det menneske ikkje makta, det gjorde Gud.

I Efeserbrevet står det: «Han ville fullføra sin frelseplan då tida var fullmogen: å samla alt til eitt i Kristus, alt i himmelen og på jorda.»


Det er Gud som frelser. Og hans plan er Jesus. Ingen plan B. For meg så er det slik at blant alle dei viktige ting i livet finst det noko som er viktigast: mitt forhold til Jesus. Han er den einaste som kan gje meg evig liv. Han er den som har nøklane til døden og dødsriket. Eg har mykje eg skal realisera i dagane og tida som kjem. Har mykje levd liv igjen, vonar eg. Det som handlar om æva lar eg Gud ta seg av. Derfor vil eg halde meg inne med Jesus,

bruke litt tid saman med han i bøn og fellesskap i kyrkjelyden. Vise at eg setter pris på Han, bøye meg for Han og tilbe Han.

«I Jesus Kristus har vi fridomen, kjøpt ved hans blod, tilgjeving for syndene»



Sokneprest
Einar Ekerhovd



ALTERTAVLA I FUSA – finst dette motivet i andre kyrkjer i Noreg og elles i verda?



Altartavla i Fusa kyrkje.

Har du sett motivet av «Kvinnen ved brønnen» i andre kyrkjer? Dette håpar eg lesarane av kyrkjebladet, om du bur i Fusa eller utanfor Fusa, kan vere med å leite fram både i 2020 og kanskje i fleire år framover.

Det er mange flotte og sterke motiv på altertavlene i kyrkjene våre i Fusa sokn. Men det er kanskje eit som skil seg ut som meir sjeldan. Det er altertavla i Fusa kyrkje – det er eit freskomaleri, og det er av «Kvinnen ved brønnen». Vi veit det er mange i Fusa som besøker kyrkjer både i Noreg og kring i verda. Og då kjem spør-



Her er eit bilete av «Kvinnen ved brønnen» som eg oppdaga i ei ortodoks kyrkje, «Church of Nativity of the Theotokos» i ein liten by, Kamjanka-Dniprovsk, i Aust Ukraina. Bilete vart tatt på ein ferietur for snart tre år sidan.

målet. Kan vi saman leite opp bilete av «Kvinnen ved brønnen» i andre kyrkjer? Det kan anten vere ei altertavle, eller det kan vere eit maleri/kunst som står i kyrkjer kring i verda. Kjem du over slike maleri/kunst i kyrkjer, ville det vore utruleg kjekt om du tok bilete av det og sender til

oss saman med namn på kyrkje og by/bygd/land der de finn det. Eg håpar at vi kan vere fleire som går kring på skattejakt i kyrkjene kring i verda i tida som kjem!

*Harald Geir Sæther
fungerande kyrkjevevjerje*



Biletet i år er laga av kunstnaren Nonhlanla Mathe. Det viser noko av livet og historia til Zimbabwe, sett frå kvinnenens synsvinkel.

Bakgrunnen viser forvandlinga frå ei mørk og vanskeleg fortid til ei framtid med håp om framgang. I forgrunnen finn vi element frå bibelteksten i Joh 5,2-9, med lækjedom og oppreising.

Kunstnaren sjølv seier dette om biletet: Eg vert så inspirert av livet menneska lever, korleis samspelet er mellom dei og korleis dei ser på kvardagen sin. Eg er sjølv kvinne, og ynskjer å framstille myndiggjorde kvinner.

Kvinnenens Internasjonale **BØNNEDAG** Bli med!

**Eikelandssosen bedehus
fredag 6. mars kl. 18.00**

I år er det kvinner i Zimbabwe som har laga program og kunst i samband med Kvinnenens internasjonale bønnedag. Kollekten går også til arbeidet i Zimbabwe – internasjonal diakoni – eit land med store utfordringar. Du kan lese mier på www.bonnedag.com. Bli med på samlinga. Kvinnenens internasjonale bønnedag vert markert i over 170 land – og vi i Fusa ønskjer å vere med på denne økumeniske fellesskapen.



Fusa sokneråd har mange å takke!

Kr. 62.000,- til hjelp for brannskadde born i Etiopia

Det gjer inntrykk å sjå engasjementet kring innsamlinga i november/desember 2019 der gåvene går til å operere brannskadde born i Etiopia. Det vi i Fusa har bidrege med gjennom desse åra er med å gir mange born ein ny start i livet ved at dei får hjelp.



Mita 2 1/2 år er eit av mange opererte born sist haust. Alle såra ho hadde på magen og i lysken har grodd fint.



Takk til skular

Både Fusa ungdomsskule og Strandvik Montessoriskule har hatt innsamlingar til hjelp for brannskadde born. Til saman nærare kr. 11.000,- er samla inn av desse to skulane. *Hjarteleg takk til både elevar, lærarar og andre som har bidrege!*

Takk til enkeltpersonar

Mange enkeltpersonar har gitt pengegaver eller kjøpt alternativ julegave (kjøp av gavekort der inntektene går til hjelp til brannskadde born). Her opplever vi at enkeltpersonar har gitt kr. 10.000,-, kr. 8.000,-, kr. 5.000,-, kr. 3.000,- og kr. 2.000,-, og dessutan har mange andre gitt gaver. *Takk til kvar einskild av dykk!*

Gåver til elevstipend til elevar og studentar ved Tabor Utdanningscenter i Etiopia

Fusa sokneråd støtter konkret to studentar ved Tabor Utdanningscenter. I kollekt kom det inn til saman kr. 15.130,- i desember. Desse pengane går direkte til skulen og til dei to studentane vi støtter Kidane og Gebeyehu. *Takk til alle som har gitt gaver slik at to flotte unge vaksne får høve til å ta utdanning.*



Kidane og Gebeyehu.

Gåve til Sævareid kapell kr. 50.000,-

Fusa sokneråd har motteke ei gåve til Sævareid kapell på kr. 50.000,- frå familien til Peder Henanger, som døde for nokre år sidan. Peder budde rett nedanfor kapellet- og har sjølv vore organist. Også far til Peder var organist. Dette er ei gåve som i framtida vil bli nytta til noko som har med musikk og gjere eller til noko anna som kapellet treng. *Hjarteleg takk for gåva!*



Sævareid kapell.

Julekonserter

Inntektene frå julekonsertane 2019 går tradisjonen tru til Kirkens Nødhjelp. Det kom inn kr. 12.619,-. *Fusa sokneråd takkar alle konsertarrangørane, deltakarane og gjevarane.*



KIRKENS NØDHJELP
actalliance

Gåve til barne- og ungdomsarbeidet i Fusa

I samband med Gudrun Skåtun sin 90-årsdag hadde ho ønske om gåve til barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Det kom inn kr. 9.950,-. *Hjarteleg takk til Gudrun og til de som har gitt ho denne gåva. Vi har eit aktivt barne- og ungdomsarbeid i kyrkjelyden, og difor kjem slike gaver veldig godt med.*

MATGÅVE TIL JUL – MATGLEDE TIL JUL!

Takk til alle som har vore med og gitt pengegaver eller matvarer til årets matgave! Mange enkeltpersonar har gitt, og Eikelandsfjorden Sanitetsforening gav kr. 10.000,-. Det vart utdelt ni matkorgar, noko som kom godt med for desse familiane som fekk desse.



Her er matkorgene klar til utlevering.



Aktuelle samlingar vår 2020

(set av datoane!)



Familiemix

9. februar Kl.11
8. mars Kl.11
19. april Kl.11
(Godheitsgudsteneste)
14. juni Kl.11

Ungdomsgudstenester

1. mars Kl.19
29. mars Kl.19

Alpha kurs for ungdom

Onsdagar i partalsveker frå veke 4 til veke 22 klokka 16:30-17:30 møtast vi i Eikelandssosen bedehus. Opplegget er gratis og alle ungdommar er velkomne.

Bønesamlingar

Onsdagar i partalsveker kl. 17:30-18:00 samlast vi til bønesamling kring i bygdene våre. Bli gjerne med. Vi har eit fast opplegg på samlingane, som skjer på Foer bedehus, Bogøy bedehus, Nordtveit bedehus, Hålandsdalen kyrkje og i Eikelandssosen bedehus.

Barne- og ungdomskor



Fusa Soul Children er eit tilbod med kor og dans for ungdom i 7. klasse og oppover. Samlingane er i Eikelandssosen bedehus torsdagar kl. 15:00-17:00 i partalsveker f.o.m. 6.februar.

Fjord'n barnekor er eit tilbod for born f.o.m. 5 år i 2020 og eldre. Samlingar er annakvar torsdag (i partalsveker f.o.m. 23. jan.) i Eikelandssosen bedehus kl. 17:30-18:30.

Songbuketten er eit barnekor for borna i alle aldrar. Samlingane er kl. 17:30-18:30 i Nordtveit bedehus mandagar i oddetalsveker f.o.m. 27.januar.

Friluftsklubben Noah



Eit tilbod for gutar frå 5. klasse t.o.m. 8. klasse. Samlast til vanleg på fredagar.

Ta kontakt med Ernst Ove Indrebø, tlf. 41451801, for meir informasjon.



VEL MØTT til den årlege kyrkjedugnaden

ONSDAG 19. FEBRUAR



Strandvik kyrkje
kl.17.00-19.00

Fusa kyrkje
kl.19.00-21.00

Hålandsdalen kyrkje
kl.19.00-21.00

Sævareid kapell
kl.19.00-21.00

Sundvor kyrkje
kl.19.00-21.00

Ta med bøtte, klut og evt mopp! Her skal vi ha det triveleg i lag - og mot slutten tar vi tid til kaffi, te og noko attåt. Dei lokale kyrkjeutvala står for organiseringa.



Open kyrkje i Strandvik



Også i år vil det vere «Open kyrkje» i Strandvik. Kvar tredje tysdag i månaden (med unntak av april då vi flyttar «påske-

salmar minutt for minutt» ei veke fram til 3. påskedag) vil kyrkja vere open frå kl. 19:00 til 20:00. Ein kan tenne lys, sitje stille i ein benk og høyre på musikk framført i ulik storleik og fasong. Det kan vere orgelmusikk, det kan vere korsong ved kammerkoret Takt og Tone, koret «Sine Nomine» eller kyrkjekoret. Det kan også vere fuglesong på blokkfløyte og orgel.

Datoane i vår er 18. februar, 17. mars, 14. april, 19. mai og 16. juni. Følg elles med i lokalavisa og på soknet si Facebook-sida.



FRAMTIDSHÅP PÅ FRAMNES

Nokre famillar sender det dyraste arvegodset dei har, nemleg ungdomen i huset, til nabokommunen Kvam for å bli forma for framtida. Kyrkjebladet har besøkt Framnes VGS for å høyre kva ungdomane sjølv tenkjer om dette.

Tekst og foto: Ole Bjørn Eikeland

12 hyggelege ungdomar, dvs dusinet fullt, frå Fusa er elevar der dette skuleåret. Kva er det som gjer at så mange ungdomar frå Fusa går på denne skulen? Kva er det som trekkjer dei til Framnes?

På heimesida til skulen les me: Framnes er ein god fagleg skule med eit godt sosialt og åndeleg miljø. Me legg til rette for at du skal ha noko å fylle fritida med. Alle skal trivast på Framnes! Skulen har ca. 260 elevar, dei har to tilbod, idrettsfag og studiespesialiserande. Det siste er nærast tidlegare gymnas.

Namna på dei 12 fusingane som går på Framnes i 2020 er Anne Mari Sundfjord Gjørn, Miriam Sundfjord, Sofie Sundfjord, Erica Ødegård Gangstø, Ingeborg Samnøy, Giovanni Salerno, Emma Skjelbreid Poiree, Dorte Øygard Eide, Eilen Gravdal, Arne Johan Hesvik Kartveit, David Øygard og Ruben Eikeland. Me fekk treffe 9 av desse, dei tre siste gutane var ikkje tilstades.

Først får dei utdelt eit spørjeskjema, for å svare anonymt, ja, nei eller veit ikkje. Svara vart slik:

	Ja	Nei	Veit ikkje
1. Kjenner du til Fusa Kyrkjelydsblad?	9	0	
2. Les du av og til litt i bladet?	6	3	
3. Var det du sjølv som valde Framnes?	9	0	
4. Var det dine foreldre som valde Framnes?	0	9	
5. Bur du på internat?	9	0	
6. Reiser du heim kvar helg?	0	9	
7. Har du fått nye gode vener på Framnes?	9	0	
8. Har du bestemt kva du vil gjere etter VGS?	5	2	2
9. Er du optimist med tanke på framtida di?	9	0	
10. Er du optimist med tanke på klimakrisa?	0	2	7
11. Markerer skulen seg som ein kristen skule?	9	0	
12. Er Framnes ein god skule å gå på?	9	0	

Av Fusaelevane går 4 på idrett og 8 på studiespesialiserande.

Resten av svara er gjeve av enkeltelevar i gruppa på 9, slik at dei ikkje nødvendigvis gjeld for heile gruppa.

Korleis vart du kjend med Framnes? Og kva er det med Framnes som gjer at det er ein god skule å vere på?

-Bror min har gått her, har høyrte masse bra om skulen, me var på besøkshelg, då vart valget lett.

-Veldig greit med ein ny start, nye folk, kome seg vekk heimefrå, det er ein positiv skule, i eit kristent miljø, det var viktig for meg.

-Fusa vgs var ikkje eingong eit alternativ!

-Her er godt miljø, det er masse å finne på med ulike aktivitetar, det skjer alltid noko.

Alle i gruppa nikkar til dette, ja, slik er det!

-Av aktivitetar kan me nevne møte kvar onsdag og søndag. Det er masse musikk, og nokon syng på møta. Skulen har tilsett miljøarbeidarar, og me har KRIK, dvs Kristen idrettskontakt. -Det er mykje lettare å finna på ting når me bur tett saman, som her. Her er ein stor ny idrettshall, Framnes arena. Ja, alt blir meir sosialt.

-Men likevel, det er lett å finne roleg plass for å gjere lekser.

Har de masse lekser?

Det er ikkje så veldig mykje, men når me skal ha prøve blir det jo litt stress. Det viktigaste likevel, at menneske du møter her, dei er veldig positive. Her er også læring, og lærarane er flinke.

Internatskule er eit litt ukjent begrep for mange av lesarane våre, – er det undervisning og lekser heile dagen, og kvelden?

Nei, systemet er slik: Skuledagen er frå kl 8 til 15.

-Eg står opp fem på åtte, seier ein elev. -Eg står opp klokka seks, seier ein annan.

Så er det 8 skuletimar med 45 min kvar, og berre korte friminutt innimellom.





Midt på dagen er det så 30 min lunsj. Ja, og så må me ikkje gløyme morgonsamling med generell informasjon og andakt kvar dag, den varer 20 min.

Mange elevar har fritimar, som dei kan nytte til eigne studier. I første klasse er 8 fritimar i veka, i 3. klasse 15 fritimar. Andre året veit me ikkje sikkert. Desse timane kan variere litt, for me har jo ulike fagkombinasjonar. I idrettsfag kan me t.d. ha 5 timar volleyball plus 4 timar vanleg kroppsving eller teori om treningslære. Dessutan har me noko som heiter internattimar: Det er 2 t pr veke for å vaske rom og fellessareal. Klokka 1445 til 1530 er det middag kvar dag.

Og middagen er god?

Middagen er ok. Heilt grei. Vi les mellom linjene her at ungdomane får betre middag heime.

Kva gjer de på i fritida?

Masse sosialt. Alt frå å vere med venner, lekser, sport. Framnes Arena er open til kl 22 kvar kveld. Det er ein stor ny hall for handball, fotball, styrketreningsrom, og masse meir.

Her er sikkert reglar - Er det strengt på skulen?

Elevar som går her syns det er strengt, men det er ikkje nødvendig-

vis så strengt, seier ei jente med lurt smil.

-Me har innetid. Det betyr at me må vere på eige internat til klokka 2230. -Ikkje lov å dansa, det er sikkert ein gamal regel som heng igjen.

Internett?

Nettet vert stengt kl. 2230. Smart, men irriterande. Samstemt frå elevane her!

Nettet vert slått på klokka 06.10 Elles er nokre med i lovsangsteam: Dei leiar lovsangen på møta, heile 4 fusingar er med på det.

Vi vart fortalt at mange kan spela instrument, t.d. piano, ei på ukulele! Det skjer mest på fritida.

Vil de anbefale skulen for andre?

Javisst, tenk på alle dei positive tinga som me har sagt, godt miljø, fin beliggenheit. Mange muligheter på fritida. Viss miljøet var middels, ville ikkje 9 av 9 vere der om helga, tenkjer journalisten. Det er ikkje så langt heim.

Me vil gå litt meir inn på spørsmål 11. Skulen markerer seg som ein kristen skule? Men korleis?

-Ja, tenk på berre i navnet. Framnes kristne vidaregåande skule. Dette viste me godt då me søkte her. Kristendom er eit obligatorisk fag, det er det

ikkje på offentleg skule. Dessutan har me morgonsamlingane, med andakt.

Om spørsmål 9, framtida, nokon som tør seie noko høgt om det?

-Eg har tenkt å gå på bibelskule, fordi søstera mi gjekk der.

-Har lyst å gå på bibelskule i Bergen, kanskje Bildøy.

- Eg har vurdert Sunnfjord folkehøgskule, som er ein kristen skule i Førde, med volleyball-linje.

- Bibelskule først, så forsvaret!

- Har lyst å bli gymmlærer, idrettsfag, eg vil gjerne bli lærar.

Til slutt utfordrar me ungdomane om spørsmål 10, klimakrisa.

-Eg kan ikkje gjere heile verda til ein betre plass, men eg kan gjere livet betre for nokon.

-Eg har lyst å gjere noko som kan bety noko for andre.

- Eg også, eg veit at etter vgs vil eg på bibelskule, som vaksen jobbe med noko som kan bety noko for andre.

I løpet av denne vesle timen med svært kjekke ungdomar fekk journalisten sin skepsis til internatskule ein skikkeleg trøkk. Så bra! Dette gjev håp!



SPAR 

Fusa

Man-fre **8-21**

Lørdag **9-20**

Tlf. **56582133**
spar.fusa@spar.no

Velkommen til hyggelig handel hos Spar Fusa!

ASVO Fusa AS

www.asvofusa.no
post@asvofusa.no
tlf.: 56 58 14 18

5640 EIKELANDSOSEN

Er ei allsidig bedrift som driv med sal og produksjon

- Montering av mekanisk komponentar
- Fyringsbrikettar og opptenningsveg
- Blomekassar, sandkassar og varmpumpehus
- Høvleri
- Listeproduksjon
- Plenslåing

Me har moderne maskiner for å trevareproduksjon og tek gjerne imot oppdrag for Dykk!

Alltid god service og rimelege prisar!



BYGGADMINISTRASJON
Harald Bjørndal a.s

PROSJEKTADMINISTRASJON - TAKSERING - KVALITETSUTVIKLING - OPPLERING

Tlf. kontor: 56 58 11 30
Tlf. privat: 56 58 51 19
Telefax: 56 58 11 99
Mobil: 970 63 526
E-mail: post@byggadmin.no

Postboks 103
5649 EIKELANDSOSEN

VARMEPUMPER, JERNVARER, HVITEVARER, BRUNEVARER, BILUTSTYR, BÅTUTSTYR OG FISKEUTSTYR

Tlf 5658 1386 - FAX 5658 1656 - MOB 9054 4766
BERGE ELEKTRONIKK

Opningstider: **Man-Fre 10-17, Tors 10-18 og Lør 10-15**



Hordaland A/S
Rørteknikk /s

Godkjent lærebedrift i rørleggerfaget

VVS-VA-HAVBRUK-PRODUKSJON
Holsundveien 285, 5642 Holmefjord
Telefon: 56 58 09 90 - E-post: post@h-rt.no



MALERMESTER
ALF HJELLE & SØNN AS



Utfører alt i maler- og gulvbeleggarbeid

Butikk i Fjord'n Senter

FARGERIKE
HJELLE

Åpningstider: Kvardagar kl. 10.00 – 18.00
Laurdag kl. 10.00 – 16.00

Tlf. **56 58 15 25** eller **915 46 880**
E-post: firmapost@alfhjelle.no

VESTLANDSKE LIMTRE
INDUSTRI AS

5642 HOLMEFJORD
Telefon: 56 58 97 89
Telefax: 56 58 97 82

Spesialist på trekonstruksjoner
Limtre – beslag – takstoler – takverk

post@vlimtre.no www.vlimtre.no



EIDE
Fjordbruk

1970-2015 Tradisjon for kvalitet i 45 år

Din leverandør av takkonstruksjoner og precut

L. HJERTNES AS



5646 Nordtveitgrend • Tlf: 56 58 20 60
E-post: post@lhjertnes.no
www.lhjertnes.no

FUSA AUTO A/S
BILVERKSTAD



Fusa Auto AS

Opsalneset 20, 5641 Fusa
Tlf. 56 58 22 86
Opningstid: mån-fre 07:30-16:00



www.meca.no

M E C A



P. H. Haugen
Landhandel - Sævareid
tlf. 56583110

e-post:
narbutikken.severeid@narbutikken.no

Fusa
Ferdigbetong as

5640 Eikelandsosen

Betongpumping - ferdigbetong
sand - singel - grus
transport - maskinarbeid
betongprodukter m.m.

Tlf. 56 58 13 10
Mobil 913 65 482 / 951 87 421
E-post: post@fusabetong.no



Kyrkjekoret

medverkar på ca. 8/9 gudstenester i året med ulike bidrag i form av nye salmar, diskantar og eit utval av det rikhaldige kyrkjemusikkrepertoaret. Koret øver kvar torsdag frå kl. 20:00 til 21:00 i Fusa kyrkje. Har du ei vanleg brukbar songstemme og liker ei musikalsk utfordring, er dette kanskje eit kor for deg? Ta evt. kontakt med kantor Iman de Zwarte om du lurer på noko.

Prosjektering
Rehabilitering
Nybygg

TA KONTAKT MED



☎ 951 56 327 storum@fusi.no

Malerfirma
Kenneth Samnøen
5640 Eikelandsosen

Alt innen malerarbeid og tapetsering

Tlf. 90 80 15 38

 **HERBALIFE**
ERNÆRING
Selvstendig Herbalife Medlem

Med produkter for:

- vektkontroll
- vitalitet og overskudd
- kosttilskudd for trening og idrett
- hud- og kroppspleie
- inn- og utvendig ernæring

TA VARE PÅ HELSA DI !

Spør etter gratis prøvepakke, uten forpliktelser.

Ring: 924 94 169

SIGNE GANGSTØ

E-post: famgang@fusi.no

www.signeg.goherbalife.com/nn-no

ÅRSMØTE i Fusa sokn

Tema: Brannskadde born i Etiopia! **Kva kan vi gjere for å hjelpe?**

Tysdag 3. mars kl. 18.00 i Eikelandsosen bedehus

Hans-Petter Schjeldrup blir med og fortel om korleis arbeidet går med hjelp til brannskadde born i Etiopia – og tankar om arbeidet framover.

GODHEIT



Fusa godheitsfestival 16.-19. april

Små ting gjort i kjærleik vil forandre denne verda!

Visjonen har sitt utgangspunkt i Jesus. Eit av dei tydelegste kjenneteikna på Jesus sitt liv var godheit. Vitnesbyrdet om han i Apostelgjerningane 10,38 er nettopp dette:

Jesus frå Nasaret vart salva av Gud med Den heilage ande og kraft, og (...) gjekk omkring og gjorde vel..." (Apg 10, 38)

Vi trur at godheita ikkje berre var tenkt til å vere eit kjenneteikn ved læresveinane og den første kyrkja, men også ved kyrkja i dag. Det er utgangspunktet for starten av Godheit og mottoet vårt: "Små ting gjort i kjærleik kan forandre verda". Vi trur heilt enkelt at godheit vil forandre verda.

16.-19. april set vi av tid for å hjelpe menneske med alt i frå små vedlikehaldsoppgåver i heimen til bilvask, heilt utan agenda, **utelukkande for å vise godheit.**

Vi søker etter oppdrag som kan utførast og frivillige som vil hjelpe, ta kontakt med ungdomsarbeidar Stefan Høysæter Svendsen på tlf. 98421117 eller ss759@kyrkja.no
Tilbodet er helt gratis, vi stiller med utstyr og arbeidskraft.

Godheitsfestivalen vert avslutta med ei godheitsgudsteneste i Eikelandsosen bedehus søndag 19. april kl. 11.00.

Døme på oppdrag vi kan gjere:

- Bilvask
- Rydding
- Reinske takrenner
- Enkelt vedlikehald i heimen
- Plenklipping
- Vasking av hus utvendig og innvendig
- Trimme hekk
- Plukke søppel
- Stelle hage
- Sage tre
- Plante blommar
- Stake opp sluker
- Vaske vindauge
- Skifte lyspærer

Meir informasjon kjem også i neste nummer av kyrkjebladet



REISENE BESTILLER
VI HOS:

TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Boks 274 - 5203 Os
Tlf.: 56 30 43 00
e-post: os@travelnet.no
www.verden.no

Følg oss på Facebook 

DE Rørleggerservice

5645 Sævareid

Mobil: 915 87 002

E-post: deror@online.no



Sentralgodkjent rørleggerfirma

Solheim Elektro as

5642 Holmefjord

- Alt innen elektro
- Termografering og kontroll av elektriske anlegg
- Sertifisert av Det Norske Veritas



Telefon 91 71 84 91

E-post havard@solheimelektro.no
www.solheimelektro.no



Tønnegarden

Samnøyvegen 57 - 5642 Holmefjord
Tlf. 91 99 30 40

post@tonnegarden.no - www.tonnegarden.no

- Tønneproduksjon før og no.
- Selskapslokale, kurs og møtelokale.
- Servering av tradisjonsmat. Steinomnsbakst.
- Catering -middag, koldtbord, snittar mm. Kaker og lefser.



Følg oss på facebook og instagram.



SPAR

Eikelandssosen

Opningstid 8-21

Laurdagar 9-20

Tlf. 56 58 00 90

BUNNPRIS

Eikelandssosen

Man - fredag 8-21

Laurdag 9-20

Tlf. 56581245

bpeikelandssosen@bunnpris.no



5643 STRANDVIK

Tlf. 56 58 00 70 Fax 56 58 00 79

E-post: post@leiglandbygg.no
www.leiglandbygg.no

Fusa og Samnanger
GRAVFERDSBYRÅ
OMSORG VED LIVETS SLUTT
DØGNÅPEN TELEFON
56 58 15 09
SE MINNESIDER PÅ FS-BYRAA.NO
BESTILL BLOMSTER FRAKTFRI TIL VÅRE SEREMONIER
VIA MINNESIDENE, PÅ HILDESBLOMSTER.NO
ELLER VIA TELEFON 55 19 72 05

Besøk vår heimeside
www.fusa-kraftlag.no

Din lokale kraftleverandør



5640 EIKELANDSSOSEN
Tlf. 56 58 00 20

 SparebankenVest
avd. Fusa

Tlf. 915 05555

Din lokale bank med
forsikring, lån,
sparing og plassering.

VI ER HER
www.spv.no



Norheimsund

TRYKKERI AS

Steinsdalsvegen 187 A
5600 Norheimsund

Tlf. 97 59 24 88

E-post: post@nhstrykk.no

Alt i trykksaker



Gudstenester i Fusa sokn

09.02.2020 - 05.04.2020

Dato	Kl.	Stad	Gudstenesteform	Kyrkjeåret
Februar				
09.02.	11:00	Eikelihoodsosen bedehus	Familiemix	Såmannssundagen
16.02.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	Kristi forklåringsdag
16.02.	16:30	Sævareid kapell	Gudsteneste	Kristi forklåringsdag
23.02.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Fastelavenssundag
23.02.	16:30	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	Fastelavenssundag
Mars				
01.03.	11:00	Fusa kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i fastetida
01.03.	16:30	Sundvor kyrkje	Gudsteneste	1. søndag i fastetida
01.03.	19:00	Eikelihoodsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	1. søndag i fastetida
08.03.	16:30	Eikelihoodsosen bedehus	Tårnagentgudsteneste	2. søndag i fastetida
15.03.	11:00	Fusa kyrkje	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i fastetida
15.03.	16:30	Sævareid kapell	Lekmannsgudsteneste	3. søndag i fastetida
22.03.	11:00	Hålandsdalen kyrkje	Gudsteneste	Maria bodskapsdag
29.03.	11:00	Strandvik kyrkje	Gudsteneste	4. søndag i fastetida
29.03.	19:00	Eikelihoodsosen bedehus	Ungdomsgudsteneste	4. søndag i fastetida
April				
05.04.	11:00	Sundvor kyrkje	Familiiegudsteneste	Palmesundag

Frå **KYRKJEBØKENE**



Dåp

Fusa kyrkje

17.11.2019 Synneva Gildestad Asserson
01.12.2019 Mari Hovland-Bårseth
19.01.2020 Ada Færøvik Osebakken

Strandvik kyrkje

24.11.2019 Amalie Vindenes Lohne
24.11.2019 Sverre Johannes Helland Solberg



Gravferd

Fusa kyrkje

05.12.2019 Stein Aage Kremener, f. 15.06.1954
10.12.2019 Elfrid Haga, f. 13.12.1928
17.01.2020 Hilmar Holmefjord, f. 25.11.1932

Sundvor kyrkje

13.12.2019 Solveig Rusås, f. 20.08.1939
20.12.2019 Solveig Kleppe, f. 16.11.1930

Hålandsdalen kyrkje

19.12.2019 Knut Tveitnes, f. 11.01.1932
14.01.2020 Kåre Rød, f. 09.04.1945

Strandvik kyrkje

03.01.2020 Knut Skåtun, f. 07.04.1933
07.01.2020 Anna Solfrid Håvik, f. 14.02.1931

Sævareid kapell


08.01.2020 Gunnar Markhus, f. 14.04.1939



Informasjon

Avsender:
Fusa kyrkjeblad
Postboks 73
5649 Eikelandsosen

Viktig informasjon om Fusa sokn og samanslåinga til Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd



Ta kontakt som før!

Er det spørsmål om dåp, konfirmasjon eller vigsel, kan du ta kontakt som før. Du kan kome innom kyrkjekontoret på Fjord'n senter, eller du kan ringje oss. Vi ønskjer å vera tilstades for deg når du treng det. Ønskjer du kontakt med prest, så kan du også ta kontakt som før direkte til presten eller til kontoret – og vi vil formidle vidare kontakt.

Ved melding om dødsfall kan de også ta direkte kontakt med kontoret, eller via gravferdsbyrå.

Gjeld det skriftlege spørsmål til oss som har med Fusa kyrkjelyd å gjere, kan du sende det pr post – eller e-post til post.fusa@kyrkja.no.

Spørsmål vedrørende graver

Du kan framleis ta direkte kontakt med oss i Fusa vedrørende graver, feste, sletting av graver m.v., men delar av oppgåvene vert etter kvart lagt meir av til Os kyrkjekontor. Skriftlege spørsmål vedr t.d. feste av grav, stell av grav, spørsmål om gravminne m.v. rettast på e-post til post.bjornafjorden@kyrkja.no. Du kan også sende pr post til Os kyrkjekontor, postboks 209, 5202 Os. Tek du kontakt med oss her i Fusa og det er folk på kontoret i Os som skal ha saka/spørsmålet, formidlar vi vidare kontakt med rette vedkomande.

Gravleggingstidspunkt i Fusa sokn

Dei fleste gravferder der det er kistegrav vil seremoni bli kl. 11.00 i 2020. Dette har samanheng med at vi vil at arbeidstakarane våre skal ha normal arbeidsdag. Ved bisetting og kremasjon kan seremoni skje seinare på dagen, t.d. kl. 12 eller kl. 13.

Kremasjonsavgifter og festeavgifter

Det er eit ønske at fleire vel kremasjon og urnegrav framfor kistegrav. Kremasjon har blitt meir vanleg mange stadar. Men valet må kvar einskild gjere. Bjørnafjorden kommunestyre har gjort vedtak om at ein for sine innbyggjarar refunderer kostnaden med kremasjonsavgift og eigenandel

til transport av bære til krematoriet når urnenedsetjing skal skje på ein av gravplassane i kommunen. Ei urnegrav har plass til fire urner, og det er difor både ei rimeleg og praktisk ordning. Det er t.d. ingen kostnadar ved reservasjon av grav. Ved bruk av kistegrav så er kostnaden ved reservasjon av grav kr. 12.060,- i 2020. Ta kontakt med oss om du har spørsmål om dette. Vi håpar å ha klart eit informasjonshefte til alle husstandar i Bjørnafjorden kommune i månads-skifte februar/mars. Der vil vi orientere om gravplassane i Bjørnafjorden, presentere vedtekter og kjem med praktisk informasjon om spørsmål som ofte vert stilte. Alle avgifter som skal betalast frå 2020 av vert betalt til Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd.

Politisk og administrativ organisering

Fusa sokneråd har to representantar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd. Det er Roald Samnøy (som er vald som leiar i 2020) og Lars Erik Dalland.

Administrativt har kyrkjevevje Kristine Fjeld kontor på Os kyrkjekontor medan assisterande kyrkjevevje Harald Geir Sæther er stasjonert i Fusa. Kristine Fjeld kjem til å ha permisjon i store delar 2020, og då vil Harald Geir Sæther fungere som kyrkjevevje. Han vil difor ha kontor både i Os og i Fusa. Vi har mange gode medarbeidarar i Bjørnafjorden kyrkjelege fellestråd som ønskjer å stå til teneste for deg – uansett om det gjeld dei gode og glade hendingane i livet som skal markerast, eller tenester som vi har for barn, ungdom og vaksne, eller det gjeld tap av nokon ein har kjær. Du er velkomen til å ta kontakt med oss.

Fung. kyrkjevevje Harald Geir Sæther

Informasjon om Vodlen gravplass, Baldersheim

Det kan lett oppstå litt kaos ved oppkøyringa til Vodlen når eit gravfølge kjem til gravplassen. Vi oppmodar de som følger nærast bære bilen om å køyre lengst mogleg opp på parkeringsplassen. Særleg på vinteren om det er litt glatt er dette ei utfordring for dei som vert ståande i bakken!